

## Forord

Det franske ordet «essai» tyder freistnad, forsøk, og slik kan lesaren gjerne sjå på desse stykka: Ikkje som ei fullstendig innleiing til evangelia, men som forsøk på å peike på nokre sider ved dei – sider som eg synest er fruktbare og spennande.

Kvart essay tek opp eitt spørsmål frå éin bestemt synsvinkel. Forfattarens privilegium er å vera einseitig; andre kan gjerne sjå sakene frå fleire sider. Synsvinklane er med andre ord personlege. Lesaren må gjerne forkaste dei – eller prøve dei ut sjølv.

Essaya rører ved fleire grunnleggjande spørsmål, blant andre dette: Kva slags bøker er dei fire evangelia? Kan vi samanlikne dei med moderne biografar, og kva lærer vi av ei slik samanlikning?

Eit anna grunnleggjande spørsmål er om vi kan stole på desse bøkene. Byggjer dei på autentiske minne frå augevitne til Jesu liv, eller verkar dei å vera oppdikta historier? Eg tek blant anna opp spørsmålet om tekstene er mytar eller historieforteljing.

Eit tredje spørsmål er korleis vi skal lesa evangelia. Er det spekulativt å lesa dei som augevitneskildringar? Etter mitt syn er det spekulativt å *ikkje* lesa tekstene slik dei presenterer seg for oss. Eg brukar difor slagordet «tilbake til teksta» som tittel på eit av essaya.

Kvart essay kan lesast for seg. Likevel er det ein viss samanheng mellom dei, som dei ti overskriftene antydgar. Ein kan difor lesa rett igjennom boka frå fyrst til sist, eller ein kan hoppe hit og dit. Korleis ein ønskjer å gjera det, er opp til lesaren.

I essaya er eg mange gonger innom tre bøker som eg synest er spesielt gode å lesa. Den fyrste er *Jesus and the Eyewitnesses* av Richard Bauckham. Dette er den mest inspirerande boka eg har lese om augevitna bak Bibelen. Hovudpoenget til Bauckham er at det i mange år etter Jesu tid levde augevitne som hugsar han.

Den andre boka er *Did Jesus Exist?* av Bart D. Ehrman. Boka er lett å lesa og berekna på ei allmenn lesargruppe. Ehrman er sjølv agnostikar, og i slutten av boka går han inn for ei anna tolking av Jesus enn det eg sjølv gjev. Men den fyrste delen er ein svært god gjennomgang av bevisa for at Jesus må vera ein historisk person.

Den tredje er *Memories of Jesus*, som er ei samling av artiklar om dei fire evangelia. Artiklane er tilsvar til den kolossale boka *Jesus Remembered* av James D.G. Dunn. Artiklane er mykje lettare å lesa enn boka til Dunn, og set fokus på mange spesielt interessante emne i det Dunn skriv. Det er ei rekkje med forfattarar som står bak *Memories of Jesus*.

I kvar hovuddel av boka står det eit dikt med tema frå dei fire evangelia. Dikta er frå boka *Evangeliesonettar* (Lunde Forlag 2012). Dette er ei bok som eg er særleg glad for å ha skrive. Dersom dei små eksempla som står i boka du nå held i handa, kan føre til at nokon òg finn fram til *Evangeliesonettar*, ville eg bli glad for det.

## I

### Evangelia – biografier om Jesus?

Ho bøyer seg

Ho bøyer seg mot jordgolvet og gøymmer  
sitt auga framfor engelen som står  
i rommet hennar no. Maria får  
ein bodskap som ho aldri, aldri gløymer.

Ho ligg på kne der engleljuset fløymer,  
og ljuset skin i hennar lange hår.  
Ho høyrer det han seier før han går,  
ho veit at ho er vak og ikkje drøymmer.

Ho gøymmer engleorda som ein skatt.  
I skrinet inni henne må dei vera  
i mange lange år til tida kjem.

Ho sløkkjer ljøs og legg seg, det er natt,  
og undrast kven han er, som ho skal bera,  
men svaret får ho fyrst i Betlehem.

(Frå *Evangeliesonettar*, Lunde Forlag 2012)

## Eit rom fullt av speglar

«Ei vakker historie. Men det er umogleg å tru på noko som skal ha hendt for *så* lenge sidan.»

Lat oss starte med nokre enkle fakta som alle forskarar er einige om:

For det fyrste: Han vart fødd av ei ung tenåringsmor. Ho var ikkje stort eldre enn ein konfirmant. Alle historikarar er einige om dette.

For det andre kom familien hans frå enkle kår. Han hadde ingen overklassebakgrunn, snarare tvert imot.

For det tredje streva foreldra hans med å finne husrom da han vart fødd. Det var ikkje plass til dei nokon stad.

For det fjerde vart han brått kjend av alle da han var i slutten av tjuåra. Før dette var det nesten ingen som visste kven han var. Også dette er godt dokumentert.

For det femte reiste han rundt i ein hektisk periode på tre år. I desse åra var det tusenvis av menneske som både såg og hørde han.

For det sjette fekk han ein brå og tragisk død. Dette er noko av det han er aller mest kjend for. Det er også godt dokumentert i kjeldene.

For det sjuande: Etter hans død levde det mange som enno hugsa han. Sjølv i dag er det millionar av menneske som dyrkar han.

Og for det åttande er det skrive fleire bøker om han. Ein av dei viktigaste biografiane kom ut trettifem år etter at han døydd. Forfattaren hadde dessverre ikkje møtt han sjølv, men baserte boka si på det augevitna hadde fortalt.

Desse åtte punkta passar sikkert på mange personar. Du som les dette, tenkjer kanskje på Jesus frå Nasaret. Det er ikkje så rart, for alt ovanfor stemmer med det vi veit om Jesus: Han var ukjend, men vart kjend av alle. Han fekk ein brå og tragisk ende, og etter hans død var det mange som både dyrka han og skreiv bøker om han.

Vi kunne ha lagt til eit niande punkt: I dag er det mange som tvilar på at han har levd. Og dersom han verkeleg har levd, er det nesten umogleg å vita noko sikkert om livet hans, seier andre. For dette er så lenge sidan, og bøkene som fortel om han, er skrivne minst ein generasjon etter hans død.

Men det er ikkje Jesus frå Nasaret eg tenkjer på. Det er den store gitaristen Jimi Hendrix, som levde frå 1942 til 1970. Alle dei åtte punkta ovanfor passar perfekt på han. Også han gjekk frå å vera ukjend til å bli kjend av alle. Også han døydde så altfor tidleg. Også han blir enno i dag dyrka av mange, og det er skrive fleire bøker om han.

Men det niande punktet passar ikkje. For til forskjell frå Jesus er det ingen som tvilar på at Jimi Hendrix har levd. Det er heller ingen som tvilar på at vi kan vita noko sikkert om livet hans. For historia om Hendrix er så godt dokumentert. For eksempel er den beste biografien om livet hans skriven berre ein generasjon etter at han døydde.

Dei som hugsar Jesus frå Nasaret, er døde. Men det er framleis mange som hugsar Jimi Hendrix. Han var eit musikalsk geni og fornya heile den moderne populærmusikken. Han oppdaga nye måtar å bruke ein elektrisk gitar og ein forsterkar på. Ingen kunne spela slik som Jimi Hendrix. Både lyden frå gitaren hans og måten han spela på, var unik.

Som så mange andre rockestjerner døydde han i samband med rusmisbruk. Så han er dessverre best kjend for avsluttinga av livet. Det har han forresten til felles med Jesus. Men kva kan vi eigentleg vita om ein mann som døydde i 1970? Vil ikkje forteljingane om han med tida bli meir og meir legendeprega? Blir det ikkje stadig meir usikkert kva Jimi Hendrix verkeleg sa og gjorde?

Når eg har foredrag om dei fire evangelia, spør eg ofte om folk hugsar Jimi Hendrix. Da er det mange av dei yngre som ikkje har høyrte om han. Kanskje så mange som ein tredjedel. Og det er ikkje så rart, for nå er det snart femti år sidan han døydde. I dag er ungdommar avhengige av at foreldra fortel om han, eller at dei lærer om han gjennom internett eller på skulen. Slik sett liknar situasjonen i

dag på den folk opplevde rundt år 70–80 e.Kr. På denne tida var dei unge avhengige av å høyre dei eldre fortelja om Jesus. Sjølv hadde dei aldri sett han.

Slik er det med alle historiske personar. Når det har gått ein generasjon eller to, er det berre nokre få som hugsar dei. Med tida blir vi avhengige av at augevitna kan fortelja. Men augevitna blir gamle, og dei døyr. Difor er det viktig at historiene deira blir nedteikna før dei blir gløymde. Denne tidsavstanden frå sjølv hendingane fram til dei blir skrivne ned, er svært viktig. For dersom historiene blir skrivne ned medan det enno er augevitne i live, er det større grunn til å stole på dei.

Her rører vi ved eit av dei viktigaste spørsmåla til dei fire evangelia: Kva slags bøker er dei eigentleg? Kva gjev dei seg ut for å vera, og korleis skal vi lesa dei? Eg prøver her å sjå dei som *biografiar*. Altså som andre bøker om kjende kvinner og menn. For også i antikken skreiv folk biografiar, og desse verka har mykje til felles med moderne bøker. Så om vi ser på dei fire evangelia som biografiar - korleis ser dei da ut?

Vi skal sjå på to biografiar, ein som handlar om Jesus frå Nasaret og ein som fortel om Jimi Hendrix. Det spennande er at tidsavstanden frå hovudpersonane levde til bøkene om dei vart skrivne, er omtrent den same. Den viktigaste biografien om Jimi Hendrix vart skriven i 2005, trettifem år etter at han døydde. Omtrent like lang tid gjekk det frå Jesus levde, til dei fyrste biografiane om han vart forfatta.

Boka om Jimi Hendrix er skriven av forfattaren Charles R. Cross og kom ut i 2005. *Room full of Mirrors* er tittelen. Orda er henta frå ein av songane til Hendrix. Det er ein tankevekkjande tittel. For våre personlege minne blir òg reflekterte, som i eit rom fullt av speglar. Vi kan tenkje oss at inntrykk og minne blir kasta fram og attende, og at dei stadig får nye former og fasongar. Med tida vil det kanskje danne seg eit stadig meir mangfaldig bilete, slik at ingen lenger kan seia at «slik var Jimi Hendrix».

Mange ser kanskje på dei fire evangelia om Jesus som refleksjonar i eit rom fullt av speglar. For da desse bøkene vart til, hadde det

gått mange år sidan Jesus vandra på jorda. Alle fire vart nedskrivne i tidsrommet mellom år 60 og 100 e.Kr. – altså tretti til sytti år etter livsløpet hans. Den fyrste boka er Markusevangeliet, som er skriven på 60-talet e.Kr. Men den boka vi skal bruke i samanlikninga med Jimi Hendrix, er skriven nokre år seinare, av ein lege som heiter Lukas. Også han kallar boka si for eit «evangelium», og ho står i dag som den tredje boka i Det nye testamentet. Ingen veit sikkert når boka vart skriven. Nokre forskarar vil datere Lukasevangeliet til tida omkring år 100 e.Kr., men mange daterer det til åra mellom 65 og 80 e.Kr. Da har vi ein tidsavstand på trettifem til femti år, frå Jesu liv til boka vart skriven. Altså er tidsavstanden omtrent den same som for boka om Jimi Hendrix.

Det er interessant å lesa omtaler av bøker. I dag kan både tidskrift og privatpersonar vurdere ei bok på internett. Slike vurderingar er spennande å lesa ved sida av Lukasevangeliet. Det spennande er at nokre liknar veldig på det avsnittet som Lukas opnar evangeliet sitt med. For Lukas er den einaste forfattaren i Det nye testamentet som utstyrer boka si med eit forord. Der informerer han lesaren om korleis han har gått fram i arbeidet med boka. Lat oss sjå på tre område der omtalane av bøkene til Cross og Lukas er nesten heilt like.

Om Hendrix-biografien til Charles R. Cross skriv magasinet *Publishers Weekly*:

«Det finst alt mange biografier om Hendrix ute på marknaden.»<sup>1</sup>

Det er altså mange som har skriven om Jimi Hendrix før. Det er ikkje så underleg, for han var eit ikon for millionar av menneske. Mange vil kanskje tenkje at det er eit problem at det finst fleire forskjellige biografier. Særleg fordi dei framstiller Hendrix på kvar sin måte. Andre synest det er ein styrke å lesa den same historia, sett frå ulike synsvinklar. Det spesielle er at også Lukas skriv noko liknande i innleiinga til boka si:

«Mange har alt prøvd å gje ei framstilling av det som har vorte oppfylt blant oss, ...» (Lukas 1,1)

Det er altså fleire som har skriven før, også om Jesus frå Nasaret. Dette er i seg sjølv ei interessant opplysning. Vi ser at folk før år 100 lever i eit miljø der det finst fleire biografier om Jesus. Dette er tydelegvis ein heilt normal situasjon. Men sjølv om andre har skriven før, synest både Charles R. Cross og Lukas at det er viktig å skriven ei ny bok. Hovudpersonen har kanskje ikkje kome godt nok fram i det som er skriven før? Eller så har dei nye vinklingar som kan utfylle biletet av han?

Det andre området der biografiane om Jesus og Jimi Hendrix er like, er i omtalen av innhaldet i bøkene. Begge blir sagt å vera endå betre enn tidlegare biografier. I si omtale av Hendrix-boka til Charles R. Cross skriv *Publishers Weekly*:

«Men boka til Cross overgår dei alle, både når det gjeld granskninga av stoffet og utføringa av boka.»<sup>2</sup>

Cross har altså ikkje berre undersøkt stoffet om Jimi Hendrix ekstra nøye; han skriv også betre enn dei andre. Grunnen til at han vågar å gje ut endå ei bok er altså klår: Denne boka er endå betre enn dei som har kome ut før. Men Cross er ikkje åleine om å meine at han skriv betre enn andre. Også Lukas skriv nesten ordrett det same i forordet sitt. Også han vil fortelja lesaren kvifor det er nødvendig å skriven endå ei bok. Dette er spesielt viktig for Lukas, fordi han sjølv ikkje er eit augevitne. Han er ikkje ein av dei tolv disiplane og har aldri møtt Jesus sjølv. Difor må han vinne lesarens tillit:

«No har eg òg sett meg føre å skriva det ned for deg i samanheng, vørde Teofilos, etter å ha granska alt vel frå fyrst av.» (Lukas 1,3)

Lukas fortel her lesaren om to viktige grep han har gjort i boka si: For det fyrste har han gått nøye gjennom alt stoffet han har samla, og for det andre har han laga ein ny og fin samanheng i dette stoffet. Orda «i samanheng» er interessante. For i antikken er det viktig at ei forteljing er kunstnarleg forma, med vakre overgangar frå ei historie til ei anna. Og Lukas er ein meister til å lage slike overgangar,

så forteljinga flyt naturleg av garde. Han synest kanskje at det korte evangeliet til Markus er altfor direkte i stilen. Difor brukar han vakre overgangar og kjende litterære vendingar i evangeliet sitt. Lukas-evangeliet er verkeleg den boka i Det nye testamentet som har det mest elegante språket.

Det tredje området der eg vil samanlikne bøkene om Hendrix og Jesus, er bruken av kjelder. Lat oss fyrst sjå kva det står om kjeldene til Charles R. Cross. For det er eit stort kjeldemateriale han har brukt. Magasinet *Booklist* skriv:

«Boka inneheld fleire enn 300 intervju med primærkjelder, blant andre familiemedlemmar til Hendrix som enno lever.»<sup>3</sup>

Trettifem år etter hans død lever det enno hundrevis av menneske som kjende Hendrix. Cross kan difor ikkje dikte opp fakta om Jimi Hendrix. Han kan ikkje finne på ord som Jimi Hendrix skal ha sagt, plater han skal ha laga eller konsertar han skal ha spela. For det finst tusenvis av augevitne som vil protestere dersom han kjem med heilt usannsynlege opplysningar om Jimi Hendrix.

Charles R. Cross arbeidde i fire år med å samle stoff til boka. Han intervjuar 325 menneske, skriv han i forordet. Målet var å «omskape biletet på plakaten til eit portrett av eit menneske».<sup>4</sup> Minst fem av intervjuobjekta døydde i løpet av arbeidet med boka. Far til Jimi Hendrix døydde i 2002. Cross fortel at han straks angra på at han aldri fekk spurt han kvifor grava til mora til Jimi var sletta. For ingen visste lenger kvar ho var gravlagd. Men da bassisten Noel Redding døydde i 2003, var Cross glad for at dei hadde hatt mange samtaler. Den siste gongen dei prata saman, var berre to veker før Redding døydde. Cross fortel i boka om ei kjensle av at det hasta:

«Det var stunder under arbeidet med denne boka da det kjendest som om historia om Jimi si eiga tid langsam vart borte. Det sårbare i denne situasjonen gjorde at eg følte at alle undersøkingane mine var dess meir nødvendige.»<sup>5</sup>

Likevel fanst det stader der Cross følte Jimi Hendrix framleis var levande til stades:

«Like ved huset der han voks opp, ligg ein blomsterbutikk. Damene bak disken hugsar framleis Jimi da han gjekk på skulen. Tvers over gata sit ein eldre mann og drikk kaffi på Starbucks. Han kan fortelja at han i ungdomen dansa med Lucille, mor til Jimi. Og på aldersheimen på hjørnet sit åttiåtte år gamle Dorothy Harding i ein rullestol og fortel historier om da ho var barnevakt for Jimi, og om den stormfulle natta da han vart fødd.»<sup>6</sup>

Kanskje er det slik forfattarane av evangelia også føler det – at historia om Jesus held på å bli borte for dei. Det hastar å få skrive historia ned. Men på dei stadene der Jesus levde og vandra, finst det enno nokre menneske som hugsar han svært godt.

Vi legg merke til at tidsavstanden på trettifem år ikkje skapar store vanskar for Charles R. Cross. I 2005 lever det enno mange augevitne som han kan intervju. Dei har ingen problem med å fortelja det dei hugsar, sjølv om det har gått ein generasjon. Den same situasjonen møter vi når vi går til boka om Jesus frå Nasaret. Sidan Lukas ikkje er ein av disiplane, er han avhengig av gode kjelder. I forordet sitt gjer han difor noko som ingen andre forfattarar i Det nye testamentet gjer: Han fortel kven han har fått stoffet sitt frå. Han skriv at han har

«... fått det overlevert av dei som heilt frå fyrst av var augevitne og tenarar for Ordet.» (Lukas 1,2)

Vi legg merke til at Lukas brukar ordet «overlevert» når han fortel om dei som hadde sett og høyrte Jesus. Det kan tyde to ulike ting: Anten at han fekk stoffet overlevert i handa, som ein bunke med notat, eller at han fekk det fortalt munnleg. Truleg har han fått opplysningar både skriftleg og munnleg. Uansett er det framleis mange augevitne som lever på den tida da Lukas skriv evangeliet sitt. Akkurat som Charles R. Cross kan heller ikkje Lukas dikte i veg om Jesus.

Gjer han det, vil augevitna seia ifrå: «Nei, det var ikkje slik det var. Nå skal du høyre kva som verkeleg skjeddde ...»

I Fyrste Korintarbrev kapittel 15 fortel apostelen Paulus at det framleis er hundrevis av augevitne i live da han skriv brevet. Dette hender rundt år 55 e.Kr. Da er det gått tjuefem år sidan Jesus stod opp frå dei døde. Likevel er dei fleste augevitna framleis i live:

«Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på éin gong. Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn.» (Fyrste Korintarbrev 15,6)

Slik ser vi at det enno lever mange augevitne, sjølv fleire tiår etter at Jesus vandra på jorda. Forfattarane i Det nye testamentet har ingen problem med å finne folk som kan fortelja om Jesus. På same måte har heller ikkje Charles R. Cross problem med å finne augevitne, sjølv om det har gått trettifem år sidan Jimi Hendrix døydde.

Fordi Jimi Hendrix har levd i vår eiga tid, er vi sikre på at forteljinga om han stemmer. Men med Jesus frå Nasaret er det annleis. Det er så lenge sidan hans tid, og vi har ikkje møtt han sjølve. Derfor må vi stole på bøkene som andre har skrive om han, og da blir vi skeptiske. Men dei ytre fakta er nokså like. Både Jesus og Jimi Hendrix er omtala i kjelder som er skrivne omtrent like lenge etter at hovudpersonen levde.

Denne skepsisen som vi møter Jesus frå Nasaret med, er ikkje unik. Skepsisen gjeld alle som levde i *antikken*, som er perioden frå ca. 700 f.Kr. til 500 e.Kr. Fordi det er så lenge sidan, blir vi usikre på om historiene frå denne tida verkeleg kan stemme. Men lat oss gjera eit tankeeksperiment: Om to tusen år kjem kanskje ein arkeolog til å finne eit eksemplar av boka til Charles R. Cross. Han fiskar den skøyre boka fram frå ruinane av eit samanrast bibliotek, opnar henne og les om den unge gitaristen Jimi Hendrix. Han les at Hendrix vart verdskjend, og at han døydde ein tragisk død. Så rister han langsam på hovudet og seier:

«Ei vakker historie. Men det er umogleg å tru på noko som skal ha hendt for så lenge sidan.»

Vi som har sett korleis Charles R. Cross arbeidde med boka si, veit at arkeologen tek feil. Det er ikkje noko problem at boka er gammal; innhaldet blir ikkje mindre påliteleg av det. Det avgjerande er tidsavstanden – at det har gått berre trettifem år frå Hendrix levde til Cross skriv biografien om han – og at han kan byggje boka si på levande augevitne. Slik som Lukas gjorde med evangeliet sitt.